

Nase for sjukdom



Luktesansen er den viktigaste sansen hunden har. No blir den gode luktesansen til hunden brukt i kreftforskning for å redde liv. På ein hundeskule i Fredrikstad lærer hundar å lukte seg fram til pasientar med lungekreft.

TEKST: LEONA PETTERSEN

Når hunden går tur, snuser han ofte på kryss og tvers langs bakken. Så stoppar han for å snuse litt der ein annan hund har tissa, før han sjølv tissar ein skvett og ruslar vidare.

– Slik gir hunden beskjed til andre hundar om at «her har også eg vore», fortel forskar Øystein Ahlstrøm. Han arbeider ved Universitetet for miljø- og biovitenskap i Ås. Han held fram:
– Det er vanskeleg å vite *kva* hunden luktar, men nokre hundar markerer seg kanskje med tanke på status. Det kan hende hunden kjennen igjen andre hundar som har tissa, seier forskaren.

200 millionar lukteceller

Hunden har tusenvis av såkalla *nerveendar* i nasen. Desse er svært

følsame for luktmolekyl. Når hunden dreg lukter inn i nasen sin, blir dei attkjende av nerveendane, som sender signal vidare til hjernen, seier professor Johan B. Steen ved Universitetet i Oslo.

Hunden har 200 millionar lukteceller, mens mennesket berre har fem millionar. Då er det ikkje vanskeleg å skjøne at hunden har god luktesans. Luktecellene hos hunden er dessutan meir fintfølande enn våre.

Oppsporing

For hunden sjølv kjem dei mest spennande luktene frå andre hundar. Hundar liker også lukter frå menneske, og

Fortset på neste side ►



Hunden kan lukte om ein pasient har lungekreft. Han kan kjenne att kreftmolekyl som legar ikkje kan måle. På biletet ser du kreftceller i lungen.

FOTO: SPL/NTB SCANPIX

han er kjempeflink til å skilje lukter frå kvarandre. Han veit for eksempel kva for ei bukse som er di, og kva for ei som tilhører bror din.

Sidan hunden har så god luktesans, er han nyttig for politi og hjelpekorps. Politiet lærer opp hundar til å spore



narkotika eller sprengstoff som er godt pakka inn og gøymt bort. Dersom nokon har gått seg vill i skogen, kan hunden følgje eit spor og finne den forsvunne. Utruleg nok etterlet vi oss sveitte i spora sjølv om vi har sko på oss.

Luktar sjukdom


Hundens luktesans blir òg brukt i medisinsk forsking. I England blir hundar trent opp til å lukte endringar i blodsukkeret hos ein pasient med diabetes. Hundens gir beskjed ved å snuse, slikke eller skubbe borti pasienten. Og spesialtrena hundar luktar om ein pasient har lungekreft. Hundens kan kjenne att kreftmolekyl som legar ikkje kan måle. Lungekreft er vanskeleg å oppdage. Men viss sjukdommen blir oppdaga tidleg, kan det avgjere om pasienten kjem til å overleve.

Lærer hunden

No samarbeider hundetrenarar i Noreg og Sverige om å lære hundar



Vi kan samanlikne hundens luktesans med ein vegg full av postboksar. Tenk deg at du har fått nøklane til alle postboksane, men skal velje riktig nøkkel til kvar av postboksane på første forsøk. Hundens har så god luktesans at han klarer å lukte seg fram til kva for ein nøkkel som går til riktig postboks.



å lukte seg fram til denne kreftsjukdommen. På treninga søker hundane etter kreftmolekyl som har festa seg til eit filter som pasientar med lungekreft har pusta gjennom. Desse skal hunden skilje frå eit filter som friske personar har pusta gjennom.

– Prøvane blir lagde i små behaldarar, og når hunden markerer «riktig», får han seg ein liten godbit, seier hundetrenar Arild Johnsen ved Fredrikstad hundeskole. – Vi menneske pustar ut fleire hundre dufter om dagen, så det er krevjande for hunden å kjenne igjen eitt spesielt lukt molekyl, seier han.

Elektronisk nase

I Japan utviklar forskarar ein elektro-nisk hundenase. Men det spørst om dei klarer å skape ein nase som kan måle seg med hundenasen. Kanskje sjukehusa heller burde ha eigne hundelaboratorium der spesialtrena hundedetektivar kan jobbe?